

Nærings- og fiskeridepartementet

Klima- og miljøverndepartementet



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 2.des. 2022

Bekymringsmelding – oppdrett av laksefisk i det nasjonale laksevassdraget Driva

Vi viser til søknad frå Driva Aquaculture AS om å etablere eit oppdrettsanlegg for aure ved Driva elv på Oppdal og den no pågåande saksbehandlinga i departementa.

FNF Møre og Romsdal meiner at å sjå at det er risikosport å tillate oppdrett av aure ved vassdraget Driva teke i betraktning kva som har skjedd med fiskeparasitten gyrodactylus og utvikling av fiskestammene nettopp her. Vidare er ein slik etablering etter vårt skjønn i strid med Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og laksefjordar og vi rår difor på det sterkaste mot ei slik etablering.

Denne saka gjeld eit anlegg som fysisk er planlagt i Oppdal som ligg i vårt nabofylke, men som ligg til vassdraget Driva som renn vestover inn i vårt fylke. Difor ønskjer vi å meine noko om denne søknaden då den også vedrører natur i Møre og Romsdal fylke.

Vi les av søknaden at det blir hevda at oppdrettsanlegget ikkje skal ha kontakt med Driva ved at grunnvatn er vasskjelda medan alt avløp går i infiltrasjon i grunnen. Erfaring frå andre oppdrettsanlegg tilseier imidlertid at teknisk svikt og nødløysingar skjer fort med fare for smitterisiko og forureining og at nærheita til Driva ikkje akkurat minskar denne risikoen. Vi



oppfattar det slik at verksemda vedkjem det nasjonale laksevassdraget same om det ligg eit røyr mellom verksemda og elva eller ikkje - vatnet tek no ein gong den kortaste vegen til havet og Driva ligg jo ein gong mellom anlegget og havet.

Ein søknad slik som denne ved Driva blir etter vårt skjønns omfatta av «*Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder*» av 2009 og burde vore avvist jfr § 3 i denne forskrifta. Slik vi les forskrifta er forbodet eksplisitt og vil gjelde uansett, slik at etablering er utelukka. Med andre ord skulle søknaden vore avvist og avslutta.

Vern av nasjonale laksefjorlar og vassdrag var i 2009 sett på som så viktig at Stortinget ved plenumsvedtak beslutta å regulere desse ved forskrift som setter strenge begrensningar både på eksisterande anlegg og forbod mot nye typer anlegg. Det betyr at om ein kan tenkje seg å sleppe gjennom nyetableringar i desse vassdraga, må beslutningar som eventuelt kan endre desse etter vår oppfatning fattast på same nivå og trinnhøyde ved vurdering av forskriftsendring. Med andre ord meiner vi at det berre er Stortinget som kan eventuelt kan sleppe gjennom ein slik søknad som no ligg føre frå Driva Aquaculture AS og då ved forskriftsendring.

Avslutningsvis vil vi slutte oss til bekymringsmeldinga sendt frå Norske Lakseelver datert 11 nov. i år om den same saka.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal, Sunndal kommune, Norske Lakseelver